



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato  
13.08.2013  
Dykkar dato  
02.07.2013

Vår referanse  
2013/1467 - 561  
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat,

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

## Fråsegn til endringsmelding for Steindal kraftverk i Flora kommune

Vi viser til oversendinga datert 2.7.2013 og til høyringsfråsegna vår datert 21.6.2013.

For endringsalternativ A vil inntaket i Støylselva verte flytta ned til kote 200, og vatnet frå Steindalselva og Støylselva vil verte nytta i separate aggregat i felles bygning ved eksisterande Skolten kraftverk på kote 23. Endringsalternativ B går ut på at inntaka både i Steindalselva og Støylselva vert flytta ned til kote 200, og kraftstasjonen vert plassert på kote 98 som først omsøkt. Overføringa av Litleelva utgår for begge alternativa.

For dei allmenne interessene vil det vere ein føremon om inntaka vert flytt lenger nedstraums slik at den påverka elvestrekninga vert redusert, og det er ein klar føremon om Litleelva vert teken ut av prosjektet. Alternativ B vil redusere inngrepsstrekninga i både Steindalselva og Støylselva og vil dermed vere den beste løysinga for biologisk mangfald og landskaps- og friluftsiinteressene av dei to endringsalternativa. Alternativ A vil redusere tiltaksstrekninga berre i Støylselva, men vil samlokalisere den nye kraftstasjonen med det eksisterande Skolten kraftverk og dermed samla desse inngrepa.

Fylkesmannen konkluderte med at den opphavlege søknaden var akseptabel for dei allmenne interessene, men at minstevassføringa burde hevast minst til nivået for 5-persentilar, samt at minstevassføringskravet også burde gjelde Litleelva. Begge dei to endringsalternativa ligg innafor rammene av planen som vart vurdert i den første fråsegna. Vi meiner dermed at begge alternativa vil vere akseptable for dei allmenne interessene, men at alternativ B er å føretrekkje.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Flora kommune, Miljødirektoratet

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
[fmsfpost@fylkesmannen.no](mailto:fmsfpost@fylkesmannen.no)  
Internett:  
[www.fylkesmannen.no/sfj](http://www.fylkesmannen.no/sfj)